

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 16.01.18:

Ordføraren orienterte om følgjande:

- 1 gongs behandling av samfunnsdelen i kommuneplanen i mars og sendast då ut på høyring. Det er drøfta om kommunen skal opne for folkemøter/innspelsmøter for å få opp engasjement men og få innspel til utkastet før vidare behandling.
- Søknader på næringsfond kjem til behandling i februar møterunden. Det er registrert 12 søkjarar som har totalt omsøkt 1,7 millionar.
- Saka med reguleringsplanen for etablering av Biltema blir behandla seinare i dag av Utaval for natur og næring og vil gå vidare til kommunestyre sitt møte 30.01.18
- Det informerast om at bygget til Maxbo på Glitre skal ha opning 15 februar og at det skal vera eit opplegg for næringslivet i forbindelse med dette . Medlemmar av Visit Gol vil få invitasjon gjennom dei og ordførar deler informasjon på facebook sida til Kaffimøter for næringslivet
- Konsekvensar av statbudsjettets punkt om å oppheve «verk og bruk» begrepet for kommunen, men og konsekvens av at næringar som tidligare har vore «verk og bruk» blir ordinær næring vart tatt opp. Her vil blant anna kommunen måtte retakstere all næringseigedom i kommunen, samt trekkje ifrå produksjonsutstyr (maskinskatten) på dei gamle «verk og bruk» næringane. Gol kommune har eit lågt skattegrunnlag frå før på næring. Eigedomsskatt på hus og hytter vil ikkje bli berørt av dette, ei heller av regjeringa sin plattform der dei ynskjer å setja ned maksimal promillen frå 7 til 5, då Gol kommune har 3,5 promille.
- Energi og klimaplan for Gol kommune vert mest sannsynlegvis lagt ut på høyring etter formannskapet sitt møte no på torsdag. Les og kom med innspel.
- Sikring av Renslo som friluftsområde er sak i møterunden no og vil vera med på å leggje til rette for berekraftig samt universell bruk av området. Dette er eit interessant område for turistane i Gol så vel som innbyggjarane.
- Sal og skjenk-møte i Gol kommune

Anna som kom opp:

- Godt sal av hytter i romjula også på Gol
- God vinter gir mykje skiløyper, men desse lagar ikkje seg sjølv
- Generelt om hus og fritidseigedommar og sal av desse
- Hyttemessa og Gol sitt bidrag – Golsfjellet samlar seg under ein paraply

Heidi Granli